

REFERAT SU skule 31. Mars 2025

Tilstades:

Malene, Susanne(foreldre)

Ove(elev)

Svein Ove(politiker)

Silje (personal)

Åse(administrasjon)

Meldt forfall:

Ann Kristin, Laila (personal)

Espen(elev)

Saker:

- 1) Et årshjul i det forsvarlige system. Dette er implementert i Bokn Skule. Me er ein del av dette hjulet og jobber i mot å følge det.
- 2) Lover og regler er ting som stadig er i progresjon. Me jobber med sakene og paragrafene. Det er rutiner som må endres etter nye paragrafer som kjem. Me jobber oss igjennom litt etter litt på nye paragrafer som kjem.
- 3) Trygt og godt skulemiljø. Ansatte på skulen jobber med det til me er blitt gode på tingene me gjer. Me har ikkje noko fastsatt plan for når ein skal vere ferdig. Det kan bli mange ting på ein gang, men me tar små skritt og kjem i mål til slutt.
- 4) Elev undersøkelse: Klassane våre er små og dersom det er mindre enn 10 elevar som har svart så får me ingen resultater. Generelt så skårer Bokn lavt på *motivasjon* over fleire år. Dette jobbes det med. Motivasjon heng saman med meistring, trivsel og bevisste mål. Me ynskjer absolutt å komma opp til gul nivå. Viser god støtte fra læraren(som er grønn over fleire år) *Vurdering for læring* bør også bli bedre.
Me må ha fokus på kvifor ein må jobbe på skulen og finne fram til motivasjonen til elevane. Ting blir ofte for kjedelig, og ein må finne meir praktiske og varierte undervisningsmetodar.
Jobben til læraren blir å finne ut korleis ein kan forbedre punktene.

5) Utfordring med lesing. Det går litt opp og ned i skalaen. Det er nokre trinn som er vanskeligere å få taket på enn andre. Me må klare å motivere elevane til å gjere det besta dei kan når dei har prøvar/kartleggingar på skulen. Me håper på at lesing i småskulen kan gi resultater slik at elevane blir meir motiverte. Me må alle fram med bøkene for å friste elevane til å lære/lese meir. Me må kreve meir fra elevane. Levande bøker er viktig. Redusere skjermbruk og investere i fleire bøker blir viktig. Må være interessante bøker og tema dei vil ha.

Eit tips :Kan det være lurt å presentere for foreldrene kor mykje ein forventer av elevane. Då blir også foreldre bevisst på mengden lesing. Elevane viser liten leseutholdenhet. Tema om lesing skal takast opp i alle møter med foreldre.

Biblioteket er på tilbodssida og har svært stort utval i bøker.

Lesegruppa: Leseplanen er under oppbygning og me lager ein struktur på kva ein skal jobbe med.

6) Verdi-arbeidet på skulen. Det vart lagt fram ein forklaring på korleis me jobber med dei ulike verdiane. Dette har me jobba med dette året, men det er ikke grundig nok. Me må ha noko meir. Mot-programmet har me slutta med (det var bare for ungdoms skulen)

Me må nå jobbe styrkebasert, og finne våre gode muligheter, som me har. Bokn skule skal nå gå inn i samarbeid med SMART-oppvekst. Der kan me jobbe med felles opplæring på heile skulen+barnehagen+fritid. I dette programmet så kjem instruktørar på besøk til skulen og forteller og viser ansatte. Me har kompetansemidler som me velger å bruke på dette.

7) Elevoppfølging og laget rundt eleven. Me er alle ansvarlige for å få et godt oppvekstmiljø for elevane. Systematisk oppbygning av rutiner er viktig. Ny opplæringslov gjer at det blir nye rutiner. Me har ingen mobbesaker hjå statsforvaltar. Likevel har me utfordringar med enkelt elevar som har aktivitetsplan.

8) Foreldrestøttande tiltak. Det skal når me har bygd dette opp vera 6 samlingar i året for foreldre. 2 med foredragshaldarar og 4 med dialogkafear der foreldre skal snakka saman om felles gleder og utfordringar. Me er i gang med møtene, men det kjem alt for lite foreldre. Husk at dette er et møte for ALLE foreldre. Det var 11 foreldre som var på forrige møte for å diskutere tema om skjembruk. Neste tema den 24/4 er søvn. Fleire og fleire av elevane sliter med søvn, og mange som blir tilmeldt vidare til andre instanser som for eksempel BUP får beskjed om at dei fyrst må ha godt søvnmønster, før BUP startar å utreia for andre ting. Utfordringen er å klare å nå alle foreldre. Kva gjer me her???

9) Oppvekstplanen er nesten vedtatt, og skal opp i kommunestyret. Åse viser litt i fra planen om kor langt me er komt. Leik og læring ute i naturen er viktig og me skal arbeida saman med det og auka kompetansen. Det skal være ein felles plan dag med barnehagen om kva ein kan gjere ute i naturen.

Innspel fra elev: Ungdomsskulen ønsker ein felles turdag. Ein ettermiddag i slutten av mnd? 3-4. timar??

10) Profesjonsutvikling. Litt informasjon om kva me har jobba med. Student-veka, organisering av leiinga, trinnteam, kompetanse for kvalitet.

11) Arbeidsmiljøet blant ansatte. Det er gode tilbakemeldinger frå ansatte etter undersøking og arbeid med bevaring og forbedring punkter på personalmøter. Saka har vore handsama av kontrollutvalget, som gav gode tilbakemeldingar på arbeidet. Rekruttering til neste år: Det ser bra ut. Stillinger er lyst ut det var 8 søkere. 3 har fått tilbud og har sagt ja.

12) Integrering.

Skulen har hatt 2 språkassistenter og ein SNO lærar i 3 timar. Fekk flyttet penger fra flyktninge hjelpen. Nå er det mindre flyktninger og dermed blir det mindre penger. Dermed blir det frå no berre 1 språk assistent. SNO lærer kjem meir inn i skulen fremover pga at det er færre vaksne som skal ha vaksenopplæring. Det er blitt bedre språkutvikling på elevar. Men det er stor forskjell på den enkelte elev.

Inkludering: Generelt så bør folk bli meir åpne for å invitere nye folk med seg til ulike lag.